

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Eirik Bouwer Utne	FA - C21, FE - 077	17/2528

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
82/2017	Utval for levekår	PS	28.11.2017
120/2017	Kommunestyret	PS	13.12.2017

Idrettspris for unge utøvarar i Meland

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I sak om Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland, KS-46/2017 bad Kommunestyret «rådmann fremme sak om idrettspris for unge utøvarar for Utval for levekår».

Musikk- og kulturpris for unge utøvarar i Meland vart oppretta med formål om å «vere eit heidersteikn, som anerkjenner unge utøvarar busett i Meland, og som viser stor innsats, framdrift og kvalitet i kunst- og kulturutøvinga si».

Ein tilsvarande pris for idretten vil kunne ha eit samsvarande formål, men med særleg blick til ungdom innan idrettslivet. I høve saka vart det sendt førespurnad til Meland Idrettsråd om tilbagemelding om saka. I sitt svar datert 14.11.17 gir Idrettsrådet støtte til å etablere ein slik pris.

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019 legg fram «Premiering av god innsats for idrett og friluftsliv – gjennom idrettspris...» som tiltak. Etablering av ein pris for unge utøvarar kan vere del av oppfølginga av dette tiltaket.

Vurdering

Formålet med prisen må vere tilsvarande som for Musikk- og kulturprisen, ved å anerkjenne unge utøvarar for innsats, framdrift og resultat, og gi merksemd ved eit heidersteikn, som viser at innsatsen deira vert sett pris på.

Følgjande retningsliner vert lagt fram:

Retningsliner for Idrettspris for unge utøvarar i Meland

Prisen skal vere eit heidersteikn, som anerkjenner unge idrettsutøvarar eller unge med andre rollar innan idretten, som er del av, eller har bakgrunn frå og tilknytning til, idrettslivet i Meland.

Prisen vert delt ut ein gong i året, til ein utøvar kvart år. Utøvaren må vere frå 13–19 år i tildelingsåret.

Nominasjonar kan sendast gjennom året til kommunen frå lag, organisasjonar og Meland Idrettsråd.

Innstilling vert gitt av eit fagpanel sett saman av ein person frå kvar av; Meland ungdomsråd, Meland Idrettsråd og Tenesteområde kultur. Fagpanelet bør innhente råd får relevante lag og organisasjonar innan idretten og eventuelt særkrets eller særforbund. Avgjerd skjer i Utval for levekår.

Prisen skal bestå av eit diplom og eit gåvekort (eller gåvesjekk) pålydande kr 5 000, som skal nyttast til relevant aktivitet eller utstyr knytt til kulturutøvinga.

Folkehelse

Engasjert ungdom, som deltek og bidreg til eit aktiv lokalt idrettsliv er av stor verdi for alle som bur i kommunen.

Miljø

Saka har ikkje påverknad på miljøet.

Økonomi

Tiltaket vert dekt inn innafor eksisterande rammer.

Konklusjon

Retningsliner for Idrettspris for unge utøvarar i Meland ligg føre.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppretting av Idrettspris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

Utval for levekår - 82/2017

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppretting av Idrettspris for unge utøvarar i Meland i samsvar med retningslinene i vurderinga.

Kommunestyret - 120/2017

KS - behandling:

KS - vedtak:

Kommunestyret godkjenner oppretting av Idrettspris for unge utøvarar i Meland i samsvar med

retningslinene i vurderinga.